

Læringsplakaten

Læringsplakaten inneheld 11 grunnleggjande plikter som skal gjelde for alle skulane og andre opplæringsstader.

Etter Læringsplakaten skal skulen og lærebedrifta

1. gje alle elevar og lærlingar like sjansar til å utvikle evnene og talenta sine
2. stimulere lærelysta, uthaldet og spørjelysta hos elevane og lærlingane
3. stimulere elevane og lærlingane til å utvikle eigne læringsstrategiar og evne til kritisk tenking
4. stimulere elevane og lærlingane i deira personlege utvikling, i å utvikle sosial kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking
5. leggje til rette for at elevane og lærlingane kan gjere medvitne val av utdanning og framtidig arbeid
6. bidra til at lærarar og instruktørar framstår som tydelege leiarar og som førebilete for born og unge
7. stimulere, bruke og vidareutvikle kompetansen hos lærarane
8. fremje differensiert opplæring og varierte arbeidsmåtar
9. sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremjer helse, trivsel og læring
10. leggje til rette for samarbeid med heimen og sikre medansvar i skulen for foreldra / dei føresette
11. leggje til rette for at lokalsamfunnet blir involvert i opplæringa på ein meningsfylt måte